

NOTAT

GÅR TIL: Styret
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 07.09.2020
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Ingvild Braut
SAKA GJELD: **Oversikt over høyringar**
ARKIVSAK: 2020/25
STYRESAK: 106/20

STYREMØTE: 28.09.2020

Administrerende direktør si orientering pkt. 3

Mottatt dato	Saka gjeld	Høyringsfrist	Status
23.06.2020	Høyring av serviceparametrar for pasientreiser med rekvisisjon I tiltak for utgreiing og standardisering av serviceparametrar er det utarbeidd og definert seks serviceparametrar for rekvirerte pasientreiser, som Pasientreiser HF ønsker å få innspel til. Serviceparametrar som er definert er: • Informasjon til pasient • Pasient henta til tida • Pasient levert til tida • Ventetid for rekvirerte pasientreiser • Kvalitet i gjennomføringa av rekvirerte pasientreiser • Service på telefon	11.09.2020	
29.06.2020	Høyring av forlag til endringar i apoteklova § 6-6 Forslag om endringar i apoteklova § 6-6 slik at biotilsvarende legemiddel kan omfattast av byteordninga i apotek. Dette for å utnytta potensialet for konkurranse legemiddelprisar kan være lågast mogleg.	30.09.2020	Høyringsbrev er sendt til HF-a og SAV Vi har bedt om kopi av høyringssvar

Mottatt dato	Saka gjeld	Høyringsfrist	Status
30.06.2020	Høyring av forslag til regelverksendringar – Betre velferdstenester for barn og unge som har behov for eit samansett tenestetilbod Formålet med regelverksendringane er å styrka oppfølginga av utsette barn og unge og familiane deira gjennom auka samarbeid mellom velferdstenestene.	01.11.2020	Høyringsbrev sendt HF-a Helse Vest sender inn eventuelle høyringssvar samla
02.07.2020	Høyring av endringar i diskrimineringsombodslova og arbeidsmiljølova Arbeids- og sosialdepartementet fremjar forslag om å etablere eit lågterskeltilbod for behandling av saker om brot på gjengjeldelsesforbodet ved varsling etter arbeidsmiljølova. Forslaget går ut på å gje Diskrimineringsnemnda myndigheit til å behandla slike saker. Det blir òg foreslått at nemnda blir gitt kompetanse til å tilkjenna oppreisning, og i noko grad, erstatning i slike saker. Kulturdepartementet foreslår enkelte endringar i diskrimineringsombodslova og forskrift om organisasjon, oppgåver og saksbehandling for Diskrimineringsnemnda.	15.10.2020	Høyringsbrev sendt HF-a, SAV og HVIKT Helse Vest RHF koordinerer og sender eit samla høyringssvar
04.08.2020	Forslag om endringar i forskrift om opptak til høgare utdanning Kunnskapsdepartementet foreslår endringar i opptaksforskrifta, m.a. unntak frå krav om generell studiekompetanse til paramedisin, samt endring i krav til desentraliserte utdanningar.	23.09.2020	Høyringsbrev sendt HF-a, SAV og HVIKT Helse Vest RHF koordinerer og sender eit samla høyringssvar
07.08.2020	Høyring av forslag til endringar i legemiddelforskrifta § 2-5 om godkjenningssfritak for biologiske legemiddel og vaksinar Forslaget inneber å ta bort dei særlege reglane for biologiske legemiddel og vaksinar ved søknad om godkjenningssfritak.	10.11.2020	Høyringsbrev er sendt HF-a og SAV Vi har bedt om kopi av høyringssvar

Mottatt dato	Saka gjeld	Høyringsfrist	Status
14.08.2020	Høyring av forslag til forskrift om nasjonal retningslinje for helsesjukepleiarutdanning Forskrift om nasjonal retningslinje for helsesjukepleiarutdanning skal sikra at utdanningane verkar einskaplege og gjenkjenneleg uavhengig av utdanningsinstitusjon. Samstundes skal utdanninga gje rom for lokal tilpassing og utvikling ved den enkelte institusjon.	15.11.2020	Høyringsbrev er sendt HF-a Helse Vest RHF koordinerer svar og sender ei samla uttale
19.08.2020	Oppfølging etter rusmiddeloverdose (Rusbehandling, pakkeforløp) Helsedirektoratet ber om innspel på kapittel 1 «Oppfølging etter rusmiddeloverdose» i Pakkeforløp rusbehandling (TSB).	01.11.2020	Høyringsbrev er sendt HF-a Vi har bedt om kopi av høyringssvar
25.08.2020	Endring i forskrift om tilsetjing og opprykk i undervisnings- og forskarstillingar Forslaget knyt seg til forskriftas § 1-4 om kompetansekrav for tilsetjing i stilling som førsteamanuensis og § 1-2 om kompetansekrav for tilsetjing i stilling som professor. Formålet med dei føreslåtte endringane er ei presisering av gjeldande rett. Endringane tek sikte på å klargjera korleis kravet til utdanningsfaglig kompetanse i § 1-4 tredje ledd kan oppnåast. Endringane vil òg gjera tydeleg moglegheita til å oppfylle den utdanningsfaglige kompetansen innan to år etter tilsetjing. Vidare er det ønskeleg å klargjera forholdet mellom krava til utdanningsfaglig kompetanse for tilsetjing som førsteamanuensis etter § 1-4 tredje ledd og tilsetjing som professor etter § 1-2 tredje ledd.	09.10.2020	

25.08.2020	Forslag om å innføra krav om at kommunar og helseføretak skal avtala korleis dei saman skal planlegga og utvikla tenester Helse- og omsorgsdepartementet sender forslag om å leggja til eit nytt punkt i helse- og omsorgstenestelova § 6-2 første ledd på høyring. Forslaget inneber at samarbeidsavtalane, som blir inngåtte mellom kommunen og det regionale helseføretaket i helseregionen eller det helseføretaket det regionale helseføretaket bestemmer, skal innehalda ei konkret skildring av korleis kommunar og helseføretak saman skal planlegga og utvikla tenester. Forslaget er ei oppfølging av Meld. St. 7 (2019–2020) Nasjonal helse- og sjukehusplan 2020–2023 og avtalen til regjeringa med KS av 23. oktober 2019 om etablering av helsefellesskap. Formålet med lovendringa er å bidra til meir samanhengande helse- og omsorgstenester og betre utnytting av ressursane i helse- og omsorgstenesta gjennom betre felles planlegging.	13.11.2020	Høyringsbrev er sendt HF-a Helse Vest RHF koordinerer innspell og sender eit samla svar
03.09.2020	Nasjonal strategi for digital samhandling om BIM i drift, forvaltning og bygging av sjukehusa Sjukehusbygg HF sender strategidokument, handlingsplan og høyring til dei regionale helseføretaka. Høyringssvaret blir koordinert internt i eigen region, slik at Sykehusbygg HF får fire høyringssvar.	01.11.2020	
02.09.2020	Høyring av forslag til endringar i forvaltningslova m.m. - større tilgang til informasjonsdeling Justis- og beredskapsdepartementet sender eit framlegg til endringar i forvaltningslova på høyring. Framlegget er ei dels oppfølging av utgreiinga til Forvaltningslovutvalet i NOU 2019: 5, og det går ut på å gje eit større høva til deling mellom forvaltningsorgan av opplysningar som er omfatta av teieplikt.	01.12.2020	

04.09.2020	Sikring av bygg og infrastruktur i sjukehusprosjekt I Oppdragsdokument 2019 fekk Sjukehusbygg HF i samarbeid med dei regionale helseføretaka, oppdrag i å utarbeida forslag til rettleier som legg grunnlaget for arbeidsprosess og dimensjonering av sikringstiltak og tryggingstrying i sjukehusprosjekt. Grunngivinga for ein slik rettleier er at ein erfarer at sikring ikkje alltid blir tatt vare på tidleg nok og godt nok i prosjekta. Årsaka er ofte at temaet blir adressert for seint i prosjekteringsløpet og/eller at ein ikkje godt nok ser samanhengen mellom byggets funksjonalitet, brannsikkerheit og sikring. Dette kan føra til endringar eller mangelfulle løysingar som i begge tilfelle gir meirarbeid og kostnadsaukar for utbyggingsprosjektet eller for drifta. «Resepten» som vegleiaren anbefaler, er systematisk bruk av sikringsrisikoanalyse. Sikringsrisikoanalyse er eit verktøy der sjukehuset, planleggarane og tekniske fagdisipliner samarbeid strukturert for å identifisera kva scenarium ein må dimensjonera for og realisera heilskaplege løysingar for.	18.10.2020	
-------------------	---	-------------------	--